

TENKJER DU AT DIN  
SKULE KAN VERE MED  
PÅ PROSJEKTET

Ta kontakt med Smiso SF  
Tlf: 57 72 10 70  
E-post: [post@smiso-sf.no](mailto:post@smiso-sf.no)

Det er i prinsippet første  
mann til mølla, men vi  
ønskjer at skular frå flest  
mogleg kommunar skal få  
delta i på prosjektet.

Ta kontakt for meir  
informasjon.

BARNA I  
FOKUS  
VÅRT  
ANSVAR

Førebyggjande undervisning for 6. klasse i  
Sogn og Fjordane

- Incest og seksuelle overgrep

DIN SKULE KAN VERE MED Å GJERE EIN  
FORSKJELL



## Din skule kan redde liv

TEMAET SEKSUELLE OVERGREP ER VANSKELEG, MEN VI KAN IKKJE LA VERE Å SNAKKE OM DET

I 2013 vil Senter mot incest og seksuelle overgrep i Sogn og Fjordane (Smiso SF), tilby førebyggjande undervisning til 6. trinn i grunnskulane i Sogn og Fjordane. Denne undervisinga er gjort mogeleg gjennom øymerka midlar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune (plan og samfunn). Smiso SF kjempar mot incest og seksuelle overgrep. Vi arbeidar med og synleggjere problematikken og driv førebyggjande arbeid retta mot barn.

Undervisningsopplegget vi tilbyr er eit helsefremjande og førebyggjande tiltak retta mot barn innan problematikken incest og seksuelle overgrep. Liknande undervisning er godt etablert i andre kommunar i landet. Det er evaluert av seniorrådgjevarar frå Barneombodet. Det er eit godt og vel utprøvd undervisningsopplegg vi no tilbyr skulane i Sogn og Fjordane.

## Gje barna innsikt og tryggleik

KVIFOR ER DETTE VIKTIG

Det er viktig og lære barn og unge om seksuelle overgrep. Skulen er ein god arena der vi vil nå dei aller fleste barn, samstundes som elevane er i eit trygt og kjent miljø. Erfaringar frå mange års arbeid innan problematikken visar at utsette som utviklar store og djuptgåande seinverknadar etter overgrep, er dei som ikkje har fortalt om overgrepa eller fått hjelp før i vaksen alder. Dei djuptgåande skadane utviklar seg spesielt i ungdomsåra. Om barn og unge får hjelp i tidleg alder, er det stor sjanse for at seinverknadane etter seksuelle overgrep kan verte betrakteleg redusert.

BARNA I FOKUS – TRYGGE RÅMER - DIALOG

Råmer for undervisninga:

Det bør setjast av ca. 2 klokke timar til undervisningsopplegget pr. gruppe/klasse, inkludert ein pause på 15 min. To tilsette frå Smiso SF gjennomfører undervisninga. Det er obligatorisk at kontaktlærer er tilstade, og Smiso SF ser det som viktig at helsesøster, eventuelt sosiallærer også deltek. Målet er og gje barna tryggleik i at kjende vaksne på deira skule har vore tilstade under undervisninga og veit kva det er blitt snakka om. Dette vil kunne auke barna sin tryggleik for og søkje hjelp hos trygge vaksne. At lærar og helsesøster/sosiallærer er tilstade bidrar til tryggleik hos resten av elevane som kan ha tankar og spørsmål rundt temaet i etterkant av undervisninga.

Her er nokre av områda vi vil setje fokus på:

- Gode og vonde berøringar
- Gode og vonde hemmelegheiter
- Kva er sex?
- Kva er incest og seksuelle overgrep?
- Trygge vaksne
- Barns rettigheter

Statistikken synar:

- At i ein klasse på 25 elevar er i snitt 3 elevar utsett for seksuelle overgrep.
- 30 – 50 % av seksuelle overgrep vert utført av barn/ungdom.
- 85 % av alle seksuelle overgrep vert utført av ein person i nær relasjon til barnet.

Våre mål for undervisninga er:

- Å nå barn som har opplevd seksuelle overgrep slik at dei kan få hjelp til å takle eigne følelsar, samt sette ord på og arbeide med det dei har opplevd.
- Heve kompetansenivået hos lærarar og andre som arbeidar med barn i forhold til dette temaet.
- Bevisstgjere og styrke barn mot seksuelle overgrep.
- Ved og synleggjere korleis ein person kan oppleve det og vere utsett for overgrep, er vi med på å forhindre dei som potensielt kan forgripe seg på barn.
- Synleggjere for dei som forgrip seg på barn at vi er ute på skulane og snakkar med barna.